

Noreg gøymt under blåis låg, lik ei forsigla grav — —
Berre ei strime av land ein såg ute mot Vesterhav.
Soli glittra i tind og fonn. Brotsjø larva ved strand — —
Storbreden gret under tidartonn og nækte vårt Hordaland.

Væpna med beinøks, spjot og pil, ferdast ein landnámsmann — —
Maken hans fylgjer — attantil —. Her dei sin heimstad fann.
Gjennom ei endelaus mengd av mil, no ved sitt mål dei stend —
Her ved ein fjordarm dei slog seg til. Opphavet til ei grend!

Dei livde »for dagen», og budde 'kje »flott». Kanhenda i jordhol og urar?
Dei åt vel og — stundom — »med blodet» og »rått», det dyret som
mannen si pil hadde nått,
på lange og slitsame turar.

So skifte då ættledi, eitt etter hint. Dei åtte 'kje »eldljøs» og varme.
Men so fekk dei utstyr med »tonner» og »flint».
Då vart dei »moderne», og greidde seg fint, og var ikkje lenger so arme.

Dei byggde seg jordhyttor, torvhus og tjeld. Braut åker, der byggen
vart mogen.

Og no veit me visst at og husdyr dei held.
Med lyd og med buskap dei samlast ved kveld kring leirbål som lyste
i skogen.

Ari rulla framom. Slekter kom og kvarv: myrke, ljøsleitte og »blonde».
Eldste son i helmen fekk sin ættararv: det å verta odelsbonde!
Når dei andre born or tunet flutta ut,
att hjå far og mor vart oftast Storegut. Fedragarden må ei or ætti gå,
sjølv om tidene er vonde.

Arbeidsverkty, klæde, alt var heimegjort. Skinn- og vadmålslæ'
forresten —.

Høy og ved det bar dei, torv og mold og »lort», då det galdt å spara
hesten —.

Vegane var ringe: bakke opp og ned. Kjerra hadde ingen. Berre »drag»
og sle.

Greipi var av tre. Hakjen og, men me vild' 'kje teke i dei, nesten.

Kvinnorne om våren var til fjells og skar lyng i verste mataknipa.
Når dei so tilslutt fekk »skruven» på, dei bar fengdi heim i kvar si kipa.
Mannen med si øks og tog tilskogs han drar.
Gutane er med, ber veden heim med far. Enno kan me sjå vegen dei
lauff gå!

Kvar den stein so blank er slipa.

»Knut med ljåen» kom. Med kvar sin »tynsleljå» sleit dei no for beisteføa.
Og den allerbeste »godeng» dei kan slå: åkerreiner, mottingtøa.
Kan dei nøgdi få av baa desse slag, fer det sikkert væl ein Vårfru-
messedag.

Dei årrens bel mykje står på spel, når der er for tomt i løa.

Heimane var »tekket med torv og grønne gras». Låg var stova under take.
Myrkt der var kring ljoren. Beistesjå til glas. Golvet strøydd med
hakka sprake.

Likevæl vart kvelden nytta meir enn no. Lyden kara, spann og sauma,
laga sko.

Mori sat og vov. Faren smidde, skov, ved eit talgljos i ein stake.

Men no høyrer dette »gamletidi» til. Tidarskifte framom hasta — —
Turkhella og kvernhus fåe vøla vil. Gogn og sjálykt ut me kasta — —
Gruva, Kola, Skjering med dei mange hakk, Svarthuva og Heraklut,
Flatrukkestakk,

Rougge, Pampuse, Tryl og Treborsk med: Ut med dykk, og dermed basta!

Jordutskifte gjekk som farsott gjennom grend. Gamletuni vart »rasera».
Spreidd for alle vindar heimane no stend, og den nye tid »markera».

Eng- og åkerteigar samla vart so greitt,
slik at bonden fekk sin eigedom i eitt.

Men det nye kart visst for mange vart nokso tungt å »akseptera».

No der sving på jord- og åkerbruket vart. »Innaskjærs» dei hogde skogen
Stein og stuv, dei laut or vegen i ein fart, der dei hindra bruk av ploegen.
Slåmaskina klypper kvar ei tuva stygg.
Marki slettnar, som ein vælfødd svinerygg.
Mann ved viv og born, slær og hesjar korn, når so åkeren er mogen.

Styresmakti gløymde tid »kvar landet låg», når ho »maten skulde byta».
Raust og rik ho blid til andre yrke såg.
Bonden, han laut »grava gryta».

Difor såg ein jamt ei fælsleg folkeflukt
bort frå barndomsheim, med slit og måkalkukt — —!
Kom ei møy seg fri, var ho »Ruggå si».

Inn i byen slapp ho syta.

Likevæl hev bonden berga folket vårt
i so mang ei fjarleg krise.
Helst når havi stengdest, såg me dette klårt —!

Bondeyrket då me prisa.
Lat oss minnast dette all vår livedag.

Og på prøvde grunnen streva trutt i lag —!
Noreg samla jord, tusund nye bønd

Dagen
1572-53